

## **Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Bremanger kommune**

**Heimel:** Fastsett av kommunestyret (dato) med heimel i lov 9. juni. 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2 fjerde ledd.

### **§ 1. Føremål og verkeområde**

Føremålet med forskrifa er å gi alle elevar i grunnskulen i Bremanger kommune den opplæringa dei har rett og plikt til, jf. opplæringslova §§ 2-1 og 2-2.

Forskrifta skal sikre lik handsaming av søknader om permisjon i grunnskulen i kommunen.

Dersom elevar får innvilga permisjon er det ein føresetnad at det er forsvarleg å gi eleven fri.

Forskrifta gjeld for elevar i grunnskular i Bremanger kommune.

### **§ 2. Permisjon elevar har rett til**

Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkje har rett til permisjon dei dagane trussamfunnet har heilagdagar, jf. opplæringslova § 2-2.

Foreldre/føresette skal syte for at eleven får tilstrekkeleg opplæring slik at eleven kan følgje opplæringa på skulen etter fråværet.

### **§ 3. Øvre grense for permisjon per skuleår**

Elevar kan få permisjon i inntil 10 skuledagar per skuleår.

Unntak frå 10 skuledagar permisjon per skuleår er behandlingsopphald eller behandlingsreiser. Eleven blir skrive ut av skulen i den perioden eleven er på behandlingsopphald eller behandlingsreise og det er institusjonen som har ansvar for opplæringa i same tidsrom.

Dersom foreldre/føresette vel å ta eleven ut av skulen utover 10 skuledagar per år, skal eleven skrivast ut av skulen. Foreldre/føresette må sjølve sørge for skulegang på annan skule, eller sørge for opplæringsansvaret sjølve.

Permisjonen avkortar retten til grunnskuleopplæring tilsvarande fråværet.

### **§ 4. Permisjon**

Elevar kan berre få permisjon dersom opplæringa samla sett er forsvarleg, jf. opplæringslova § 2-2.

For at elevar skal få innvilga permisjon er det ein føresetnad at skulen har vurdert at det er forsvarleg at eleven er borte frå skulen i eit kortare tidsrom.

Det kan etter ei individuell og skjønnsmessig vurdering bli innvilga permisjon til deltaking på spesielle arrangement og markeringar knytt til politisk arbeid, organisasjonsarbeid, deltaking ved idrettsleg eller kulturell konkurranse/stemne på regionalt eller nasjonalt nivå.

#### *§ 5. Faste prøver*

Det blir ikkje innvilga permisjon ved førebuing til, og gjennomføring av:

- a) statlege kartleggingsprøver
- b) nasjonale prøver
- c) munnleg og skriftleg eksamen
- d) prøver og vurderingssituasjonar slik det kjem fram av skulen sin terminplan/prøveplan

#### *§ 6. Forsvarleg vurdering*

Vedtak om permisjonar skal bygge på skulen si forsvarlege vurdering, skjønn og ei individuell vurdering dersom vilkåra i forskrifterna § 1-5 er oppfylt.

Forhold som har betydning for eleven si opplæring skal takast omsyn til i den forsvarlege vurderinga. Relevante moment er mellom anna:

- a) eleven si faglege og sosiale læring
- b) eleven sin fråværshistorikk

Skulen må vurdere om det er forsvarleg at eleven får permisjon. Det kan vere forsvarleg for ein elev å få innvilga permisjon, mens det kan vere uforsvarleg for ein annan elev.

Dersom skulen vurderer at det ikkje er forsvarleg å innvilge permisjon, skal søknaden bli avslått.

#### *§ 7. Vedtak om permisjon*

Vedtak om permisjon frå den lovpålagte opplæringa er eit enkeltvedtak.

Det er delegert til driftssjef ved skulen å skrive enkeltvedtak om permisjon.

Driftssjef kan delegere til kontaktlærar å innvilge permisjonar inntil ein dag.

#### *§ 8. Saksgang*

Søknad om permisjon skal sendast til skulen eleven går på.

Søknad om permisjon skal sendast seinast ein månad før permisjonstida.

I særlege tilfelle kan søknader som kjem inn etter fristen bli handsama. Det vil vere i dei tilfella foreldre/føresette ikkje har hatt høve til å vere i forkant.

Det er klagerett på vedtaket.

**§ 9. Klagerett**

Dersom foreldre/føresette klagar på vedtaket skal skulen vurdere saka på nytt.

Dersom klagen får medhald skal skulen behandle saka på nytt.

Dersom skulen meiner det ikkje er grunnlag for medhald skal saka sendast til kommunalsjef for oppvekst saman med driftssjef si vurdering på kvifor klagen ikkje får medhald. Dersom kommunalsjef opprettheld vedtaket til skulen, går saka vidare til endeleg avgjerd hos statsforvaltaren.

**§ 10. Iverksetting og opphøyr**

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2025.